



Møteprotokoll nr. 01/09

Utval: Ungdommens fylkesting 2009
Møtestad: Quality Hotel Ulstein, Ulsteinvik
Dato: 20.- 22. november 2009

Representantar frå kommunane:

Daniel	Orvik	Misund
Marit	Vaagland	Halsa
Maria	Tvergrov Kalvatn	Ørsta
Stine	Hellesfjord	Smøla
Magnus	Kortner Hasting	Stranda
Grethe	Ranheim	Gjemnes
Mathias	Sandøy	Aukra
Sivert M H	Hansen	Sande
Mats	Larsen	Stordal
Therese	Årvik	Sandøy
Magnus	Smith	Averøy
Astrid Nerhus	Dale	Norddal
Kristian	Stråmyr	Haram
Joar	Liabø	Vestnes
Karoline	Valderhaug	Giske
Elias	Manfredi	Tingvoll
Endre	Helgetun	Surnadal
Helle	Falster Hoel	Rauma
Oliver	Nøsen	Fræna



Niklas Ari Larsen	Jørgenvåg	Aure
Thea Hide	Birkeland	Ulstein
Daniel	Haavardsen-Bråttvik	Molde
Eirin	Høgset	Misund
Øyvind	Hassel Weiseth	Halsa
Martin Luan	Håndlykken	Ørsta
Sindre	Holberg	Smøla
Madeline	Hide	Sande
Eline	Vinje	Stordal
Kristina	Naas	Sandøy
Julia	Kronborg Grødahl	Averøy
Lakshan	Ravi	Norddal
Veronika	Alstadsæter	Vestnes
Sondre	Digernes	Giske
Thea	Sørvik	<u>Tingvoll</u>
Alexandra	Tjan	<u>Surnadal</u>
Kristian	Lerheim	Rauma
Alise	Olsen	<u>Fræna</u>
Alf Ola	Kjøll	<u>Aure</u>
Kristoffer Johannes	Ulstein	<u>Ulstein</u>
Madeleine	Mittet	<u>Molde</u>
Stig-Martin	Fasting	Herøy
Janne-Katrin	Sævik	Herøy
Harald	Stavset Fagervoll	Skodje
Stine	Krogsæter Giske	Skodje
Jenny	Venås	Volda



Frida	Kvalvatsvik Bolsø	Volda
Krister	Krogsæter	Ålesund
Tonje Marie	Sylte Olsvik	Ålesund
Jakob	Vorren	Sunndal
Jenny	Nerdal Søråas	Sunndal
Lars Espen	Mogset	Rindal
Anna	Olsvik	Rindal
Torhild	Tønnesen Haugnes	Krs und
Martin	Eikebø	Krs und
Vegard	Bolli Feltstykket	Eide
Benedikte	Brevik	Eide

Ungdomspanelet:

Jørgen Ask	Bakke	Sandøy
Else-Marie	Brandal	Ulstein
Hanne	Stokke	Ørsta
Vetle	Wang Soleim	Smøla
Asgeir	Stavik Hustad	Molde
Eivind Otto	Hjelle	Haram
Roy Andre	Haugen	Sandøy
Ida Andrine	Heggset	Surnadal
Hege	Bjørnnes	Gjemnes



Observatører og gjester

	Fredric Holen	Björdal	
	Britt	Ovesen	Molde kommune
	Sissel	Larsen	Fylkestinget
	Hege Merethe	Gagnat	Fylkestinget
	Svein-Helge	Hanken	Fylkestinget
Fredag	Olav	Sæter	Ordfører i Ulstein
Fredag	Anders	Riise	Fylkestinget
Fredag	Åge	Austheim	Fylkestinget
Fredag	Olav	Bratland	Fylkesordfører

Frå administrasjonen

Anne Berit Svenkerud Halle
Anna Tokle Amundsen
Monica Molvær
Kristin Glæstad Vonheim

56 røysteføre.



UFT 01-09 Konstituering

a) Godkjenning av innkalling

UFT godkjenner innkallinga til Ungdommens fylkekesting 2009

b) Val av ordstyrar

Ungdommens fylkekesting vel Hege Gagnat, Monica Molvær og Fredric Holen Bjørdal som ordstyrarar.

c) Val av protokollførarar

Ungdommens fylkekesting vel Anne Berit Svenkerud Halle til protokollførarar.

d) Godkjenning av forretningsorden

Ungdommens fylkekesting vedtar forretningsorden.

e) Godkjenning av saksliste

Krister Krogsæter fremma forslag til ny sak på sakslista: Møreuniversitet
Jørgen Ask Bakke fremma forslag til ny sak på sakslista: Auka løyvingar til
Ungdommens fylkekesting og Ungdomspanelet.

Ungdommens fylkekesting vedtok samrøystes å godkjenne sakslista med to nye saker; UFT 11-09: Møre universitet og UFT 12-09: Auka løyvingar til Ungdommens fylkekesting og Ungdomspanelet.

f) Valg av tellekorps

Ungdommens fylkekesting vel ungdomspanelet som tellekorps.

g) Protokollførarar

Ungdommens fylkekesting vel Therese Årvik og Martin Luan Håndlykken

h) Val av valkomiteen

Ungdommens fylkekesting vel Svein Helge Hanken, Sissel Larsen, Jørgen Ask Bakke, Hege Bjørnnes, Helle Falster Hoel, Magnus Kortner Hasting

UFT 02-09 Val av redaksjonskomitear

Ungdommens fylkekesting vel Ida Andrine Heggset, Asgeir Stavik Hustad, Eivind Otto Hjelle, Torhild Tønnesen Haugnes, Sindre Holberg, Martin Eikebø. Sekretær Fredric Holen Bjørdal.

UFT 03-09 Rapportar

a) Ungdomspanelet sin årsrapport

Stine Hellesfjord kom med ein saksopplysning om at Ungdomspanelet hadde med ein representant under Nordmørskonferansen.

b) Elev- og lærlingombodet sin rapport

c) Rapport frå prosjektet UNG i Møre og Romsdal

Ungdommens fylkekesting tek rapportane til vitande.



UFT 04-09 Undervisningsevaluering

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Ida Andrine Heggset og Vetle Wang Soleim fremma forslag om tillegg til forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting ønskjer:

- ein betre oppfølging av undervisningsevalueringa
- at elevane og elevrådene får ta del i evalueringa.
- At skolane må være handlekraftige og ta svara frå undersøkinga seriøst.

Asgeir Stavik Hustad fremma forslag om eit tillegg til forslag til vedtak: Ungdommens fylkesting ønskjer at Ungdomspanelet blir representert i prosjektgruppa som utarbeidar spørjeskjema til undervisningsevaluering ved dei vidaregåande skolane.

Ungdommens fylkesting voterte først over forslag til vedtak. Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Ungdommens fylkesting vedtok forslag om tillegg frå Ida Andrine Heggset og Vetle Wang Soleim samrøystes.

Ungdommens fylkesting vedtok forslag om tillegg frå Asgeir Stavik Hustad samrøystes.

Samrøystes vedtak frå Ungdommens fylkesting:

UFT vil ha undervisningsevaluering i skolen. Etter at prøveprosjektperioden er over, ønskjer UFT at ordninga vert innført på alle dei vidaregåande skolane i fylket, og at ordninga vert tilpassa etter tilbakemeldingane og behova skolane avdekkjer under prøveprosjektet.

Ungdommens fylkesting ønskjer at Ungdomspanelet blir representert i prosjektgruppa som utarbeidar spørjeskjema til undervisningsevaluering ved dei vidaregåande skolane.

Ungdommens fylkesting ønskjer:

- ei betre oppfølging av undervisningsevalueringa
- at elevane og elevrådene får ta del i evalueringa.
- At skolane må være handlekraftige og ta svara frå undersøkinga seriøst



UFT 05-09 Universell utforming

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Ida Andrine Heggset fremma forslag om tillegg til forslag til vedtak: Ungdommens fylkesting vil spesielt peke på at fylket må prioritere å oppfylle krava om universelle utforming ved dei vidaregåande skolane i fylket.

Ungdommens fylkesting voterte først over forslag til vedtak. Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Ungdommens fylkesting voterte så over forslag til tillegg frå Ida Andrine Heggset. Tillegget vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak frå Ungdommens fylkesting:

Ungdommens Fylkesting ser det som viktig at den nye diskriminerings og tilgjengelegheitslova blir oppfylt snarast råd og at det ikkje skal vere vanskelegare for dei som er funksjonshemma å leve som andre funksjonsfriske.

UFT meiner at Møre og Romsdal som pilotfylke har eit stort ansvar i å følgje opp innhaldet i lova og for å nå målet om eit universelt Noreg i 2025. Møre og Romsdal fylket bør i alle nye bygg sette universell utforming som krav og jobbe hardt for at eksisterande bygningar fylket eig skal oppfylle krava. Kollektivtransporten fylket har ansvar for må innan 2025 oppfylle krava som ligg til grunn i lova.

UFT krev at alle offentlege møte fylket har i alle samanhengar skal vere tilrettelagt for funksjonshemma og at det er universell utforming i bygget der møtet skal vere.

Ungdommens fylkesting vil spesielt peke på at fylket må prioritere å oppfylle krava om universelle utforming ved dei vidaregåande skolane i fylket.



UFT 06-08 Digitale læremiddel

Samrøystes vedtak om uttale frå Ungdommens fylkesting:

Digitale læremiddel - Eit supplement til den tradisjonelle læreboka

Både i skulen og i samfunnet elles går utviklinga mot eit digitalt, papirlaust samfunn. I den offentlege vidaregåande skulen får alle elevar stønad frå fylkeskommunen til datamaskin og digitale læremiddel, og dei fleste elevar har også tilgang til datamaskin i heimen. Dette opnar for bruken av nye, digitale undervisningsmetodar og gjev heilt nye muligheiter til å variere undervisninga og gje elevane tilpassa opplæring.

I dag er digitale læremiddel eit nyttig supplement til vanlege, trykte lærebøker, og er mellom anna til stor hjelp for elevar som slit med lese- og skrivevanskar. Det er likevel store utfordringar knytta til den nye, digitale skulekvardagen. Ein veit til dømes av erfaring at mange elevar utnyttar systemet, og nyttar datamaskinen til utanomfaglege aktivitetar. Dette går utover læringa og læringsmiljøet i klassene, og er med på å ta bort fokuset frå den som står og underviser. Den auka bruken av datamaskin i skulen fører også til utfordringar knytta til helse og ergonomi. Undersøkingar viser at born heilt ned i 10-12-årsalderen har vondt i auger og musklar som ei direkte følge av dataarbeid, og belastningsskadar er konstatert hjå mange elevar i den norske skulen. Det er difor ein føresetnad for den digitale skulekvardagen at skolane investerer i tilpassa arbeidsplassar for elevane.

Ungdommens Fylkesting ønskjer ikkje at digitale læremidlar skal erstatte dei trykte læremidlane, men heller fungere som eit supplement til desse. UFT trur at ein oppnår best mogleg læring ved å kombinere nye læremiddel med dei tradisjonelle.

Dersom ein skal sikre at datamaskinen vert nytta i skulen til det den skal, må lærarane sin data- og IKT-kompetanse styrkast kraftig. Det pedagogiske personalet i skulen må i vesentleg større grad få opplæring og kursing i bruken av digitale læremidlar, elles vil ordninga fungere mot si hensikt. Ansvar for eigen læring er eit viktig prinsipp i den vidaregåande skulen, men ein er likevel avhengig av rettleiing og undervisning i alle fag, og då er det viktig at lærarane også har digital kompetanse.

Digitale læremiddel vil bidra til å gjere skulekvardagen meir variert og interessant, og ein trur at ein kombinasjon mellom desse og den tradisjonelle læreboka vil føre til auka motivasjon, læring og trivsel. UFT er difor positive til den auka bruken av digitale verkty i skulekvardagen, men for å sikre ein best mogleg bruk av desse, må ein stille krav både til elevar, lærarar, skolane og politkarane.



Ungdommens Fylkesting vil at:

- Digitale læremiddel skal vere eit supplement til dei tradisjonelle, trykte læremidlane.
- Alt pedagogisk personale skal få naudsynt opplæring i bruken av digitale læremiddel i undervisningssamanheng.
- Arbeidet med å utvikle og forbetre digitale skolearenaer skal intensiverast.
- Skolane skal legge til rette for ergonomisk korrekt bruk av digitale verkty, og fokusere på HMT i opplæringa.

UFT 07-09 Kollektivtilbod til ungdom

Samrøystes vedtak frå Ungdommens fylkesting:

Ungdommens Fylkesting vil at:

- Ungdomspanelet skal ta initiativ til ei evaluering av ordninga med Heim for ein 50-lapp. Denne skal gjennomførast i løpet av 2010.
- Ungdomspanelet i samband med ungdomsråda skal jobbe for eit betre. kollektivtilbod i fylket, med spesielt fokus på hyppigare avgangar i distrikta og i helgene.
- Reglane for gratis skuleskyss skal evaluerast, med fokus på auka fleksibilitet.
- Ungdomskortet skal vernast, og at prisen må senkast så snart som råd.

UFT 08-09 Årets ungdomskommune 2009.

Samrøystes vedtak frå Ungdommens fylkesting:

Ungdommens fylkesting utpeikar Stordal kommune til Årets ungdomskommune 2009.



UFT 09-09 Handlingsprogram for Ungdomspanelet.

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Sindre Holberg fremma forslag om tillegg til punktet Andre saker, fjerde setning:

Ungdomspanelet bør ta med representantar frå ungdomsråda på ei evaluering av "Trygt heim for ein 50-lapp" og sjå på mulegheit for eit interkommunalt samarbeid om denne ordninga for dei kommunane som har behov for dette.

Ungdommens fylkesting voterte først over forslag til vedtak. Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Ungdommens fylkesting voterte så over forslag til tillegg frå Sindre Holberg. Tillegget vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak frå Ungdommens fylkesting:

HANDLINGSPROGRAM FOR UNGDOMSPANELET 2009/2010

Lokale ungdomsråd:

Ungdomspanelet skal jobbe vidare for å oppretthalde aktive og fungerande ungdomsråd i alle fylkets kommunar.

Kommunane bør ha gode rutinar for val, opplæring og oppfølging.

Samarbeidserklæringa vedtatt på UFT 2007 skal ligge til grunn for arbeidet.

Oppfølging av vedtak frå UFT 2009

Ungdomspanelet skal følgje opp vedtaka gjort på UFT 2009 om Møreuniversitetet, Kollektivtransport for ungdom, Digitale læremiddel, Undervisningsevaluering, Universell utforming og Auka Løyvingar til Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet.

Nettstaden UNGweb

Ungdomspanelet skal jobbe for å gjøre nettstaden www.UNGweb.no til ein god møteplass og nettportal for unge i Møre og Romsdal.

Ungdomspanelet skal sjølv være aktive brukarar, og syne muligheitene for reel medverknad i fylket gjennom forumsaktivitet og relevante artiklar.

Elevorganisasjonen og Elev – og lærling ombodet

Ungdomspanelet skal holde fram med å ha et godt samarbeid med elev – og lærling ombodet i fylket, som er ein viktig medspelar og ressurs, spesielt i Utdanningsutvalet og opp mot utdanningsavdelinga.



Ungdomspanelet skal betre samarbeidet med elevorganisasjonen i Møre og Romsdal, delta på elevforsamlingane , og samarbeide i saker der det er naturleg.

Andre saker

Ungdomspanelet skal arbeide for at ungdomskortet blir ført vidare også i 2010 og jobbe for at ungdomskortet blir billigare.

Ungdomspanelet skal jobbe vidare med de nye vedtektene for UFT og ungdomspanelet vedtatt på UFT 2008.

Ungdomspanelet skal jobbe for kulturrabatt for ungdom blir ført vidare i 2010 og at ordninga blir betre synleggjort slik at bruken aukar.

Ungdomspanelet skal jobbe for at fleire kommunar blir med i "Trygt heim for ein 50 lapp" ordninga. Ungdomspanelet bør ta med representantar frå ungdomsråda på ei evaluering av "Trygt heim for ein 50-lapp" og sjå på mulegheit for eit interkommunalt samarbeid om denne ordninga for dei kommunane som har behov for dette.

Ungdomspanelet skal jobbe for å få sett over reglementet og jobbe for å endre reglene for ordninga.

UFT 10-09 Val av Ungdomspanel

Behandling i Ungdommens fylkesting:

40 røysteføre under sak 10/09:

Følgjande endringsforslag ble fremma etter at valkomiteens forslag vart lagt fram.

Lakshan Ravi fremma forslag om Vetle Wang Soleim som leiar i staden for Ida Andrine Heggset.

Ida Andrine Heggset og Asgeir Stavik Hustad fremma forslag om Sindre Holberg som medlem og Martin Eikebø som hans vara.

Vetle Wang Soleim, Niklas Ari Jørgenvåg og Alf Ola Kjøl fremma forslag om Stine E. Hellesfjord som medlem opp i mot Janne Katrin Hansen Sævik.

Hanne Stokke og Else Marie Brandal fremma forslag om Alice Olsen som medlem og Jenny Venås som hennes vara.

Vetle Wang Soleim, Niklas Ari Jørgenvåg og Alf Ola Kjøl fremma forslag om Stine E. Hellesfjord som vara i stedet for Alice Olsen, vara for Roy Andre Haugen.



Forslag frå Lakshan Ravi vart trekt tilbake før votering.

Det vart først votert over forslag frå Ida Andrine Heggset og Asgeir Stavik Hustad. Sindre Holberg vart med 21- 18 stemmar vald som nytt medlem, Martin Eikebø som hans vara. 1 stemme var blank.

Forslag frå Vetle Wang Soleim, Niklas Ari Jørgenvåg og Alf Ola Kjøl var neste sak til votering. Forslaget fall med 31 – 6 stemmer, 3 stemmer var blanke. Janne Katrin Hansen Sævik vart med 31 stemmer vald som nytt medlem.

Forslag frå Vetle Wang Soleim, Niklas Ari Jørgenvåg og Alf Ola Kjøl var neste sak til votering. Forslaget fall med 28 – 10 stemmer, 2 stemmer var blanke. Alice Olsen vart vald som vara for Roy Andre Haugen.

Forslag frå Hanne Stokke og Else Marie Brandal var neste sak til votering. Jenny Venås vart med 27 stemmer vald som nytt medlem. Forslaget fall med 27 – 9 stemmer, 4 stemmer var blanke.

Dei resterande kandidatane frå valkomiteen vart samrøystes vald ved akklamasjon.

Vedtak frå Ungdommens fylkesting:

Leiar (1 år)	Ida Andrine Heggset, Surnadal	Vara (1 år)	Thea Sørvik, Tingvoll
Nestleiar (1 år)	Vetle Wang Soleim, Smøla	Vara (1 år)	Martin Luan Håndlykken, Ørsta
Medlem (1 år)	Roy Andre Haugen, Sandøy	Vara (1 år)	Alice Olsen, Fræna
Medlem (2 år)	Sindre Holberg, Smøla	Vara (1 år)	Martin Eikebø, Kristiansund
Medlem (2 år)	Harald Fagervoll, Skodje	Vara (1 år)	Eivind Otto Hjelle, Haram
Medlem (2 år)	Janne Katrin Hansen Sævik, Herøy	Vara (1 år)	Karoline Valderhaug, Giske
Medlem (2 år)	Jenny Venås, Volda	Vara (1 år)	Sivert Hansen, Sande
Medlem (1 år)	Asgeir Stavik Hustad, Molde	Vara (1 år)	Madeleine Mittet, Molde
Medlem (1 år)	Hanne Stokke, Ørsta	Vara (1 år)	Sondre Digernes, Giske



UFT 11-09 Møreuniversitet

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Krister Krogsæter fremma forslag om ny sak på sakslista; Møreuniversitet. Dette på grunnlag av den orientering fylkestingspolitikar Åge Austheim gav til Ungdommens fylkesting fredag den 19.11.09.

Det ble fremma forslag til følgjande ordlyd frå ordstyrarbordet:
Saka om Møreuniversitet oversendast til det nye Ungdomspanelet for vidare handsaming.

Forslaget frå Krister Krogsæter med foreslått ordlyd frå ordstyrarbordet vart vedteke mot ein stemme.

Vedtak frå Ungdommens fylkesting:

Saken om Møreuniversitet oversendast til det nye Ungdomspanelet for vidare handsaming.

UFT 12-09 Auka løyvingar til Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet

Behandling i Ungdommens fylkesting:

Ungdommens fylkesting bad redaksjonskomiteen samanfatte ei uttale om saka. Denne vart så framlagt og votert over.

Samrøystes vedtak om uttale frå Ungdommens fylkesting:

Ungdomspanelet må få auka løyvingar

Ungdomspanelet i Møre og Romsdal har sidan oppstarten gjort ein formidabel innsats for å styrke ungdomsdemokratiet i fylket. Sidan det første Ungdomspanelet vart vald på Stranda i 2003 har både aktiviteten og talet på engasjert ungdom i fylket auka frå år til år. Då Ungdomspanelet vart starta opp av det ordinære fylkestinget fekk det vedteke eit eige årleg budsjett.

Pga ein valdsam auke i aktiviteten til Ungdomspanelet, ser det ut til at ein i år vil gå med eit underskot. Ungdommens Fylkesting er kanskje det viktigaste ungdomspolitiske forumet i Møre og Romsdal fylke, og ein føresetnad for politisk engasjement og rekruttering til kommunestyre og fylkesting. Satsinga på ungdom og demokrati vert enno viktigare fram mot valet i 2011, når prøveordninga med stemmerett for 16-åringar skal gjennomførast, og difor er det ekstra viktig at ein kan få halde fram med å styrke ungdomsdemokratiet i fylket. Dette går ikkje utan ekstra løyvingar,



for med noverande budsjett vert Ungdomspanelet nøydd til å redusere aktiviteten.

Ungdommens Fylkesting er eit svært dyrt arrangement, og vart i 2008 utvida med ein dag for å kunne omfatte koordinatorane til ungdomsråda i kommunane. Gjennom prosjektet UNG i Møre og Romsdal har aktiviteten til Ungdomspanelet og Ungdommens Fylkesting hatt ein stor auke, og denne aktiviteten har ført til mange resultat, som til dømes at ein no har fått ungdomsråd i alle kommunar i fylket!

No er UNG-prosjektperioden ferdig, og Ungdomspanelet vil difor måtte stå heilt på egne bein frå og med 2010. Skal Ungdomspanelet halde fram med arbeidet sitt, og framleis vere ein lærings- og rekrutteringsarena for demokrati og politisk engasjement, må midlane til Ungdomspanelet aukast.

Det ordinære fylkestinget har ved fleire høve sagt at satsinga på Ungdomspanelet og Ungdommens Fylkesting skal halde fram, og då må dette bli fulgt opp av auka løyvingar slik at aktiviteten kan halde fram på same nivå som i dag, og på sikt auke.

Protokollfører

Anne Berit Svenkerud Halle
Koordinator for Ungdommens fylkesting